
Til:
Samferdselsutvalet

Frå:
Fylkesrådmannen

Referanse
2014/64-4

Dato
09.01.2014

Miljøvenleg framdriftsteknologi - Svar på oversendingsspørsmål

Representanten Tom Skauge (SV) sette i møte i samferdselsutvalet 18.11.2013, i sak om rapportering på RTP handlingsprogram, fram slikt oversendingsspørsmål:

Miljøvenleg framdriftsteknologi

I rapporten heiter det at «Tiltaket er vurdert å vera i rute». Kva tyder dette etter at miljøbåten er utsett?

Til spørsmålet har fylkesrådmannen følgjande svar:

Tiltaket det er vist til er tiltak 4.5.2 *Miljøvenleg framdriftsteknologi for ferjer og snøggåtar*. Innhaldet er beskrive slik: *Vidareføre utgreiing om meir miljøvenleg framdriftsteknologi som skal innarbeidast i neste anbodsrunde.*

Tiltaket gjeld såleis utgreiinga - og ikkje sjølve framdriftsteknologien. Forprosjektet om alternativ miljøvenleg framdriftsteknologi er gjennomført. Difor vert tiltaket vurdert å vera i rute, sjølv om prosjektet med miljøfartøy på strekninga Kleppestø-Nøstet er utsett.

Fylkesrådmannen minner om at det på sambandet Kleppestø – Strandkaien vert utlyst konkurranse om drift for ein mellombels periode – med konvensjonell framdriftsteknologi - frå 01.01.2015. Årsaka til utsetjinga er at dei store omleggingane på Kleppestø, i samband med Askøy kommune sitt arbeid med etablering av kollektivknutepunkt, gjer det svært vanskeleg å etablera eit landingspunkt for miljøvenlege farty.

Det vert lagt opp til ny anbodsrunde, med krav om miljøvenleg framdriftsteknologi, så snart det let seg gjera i høve til utbyggingsprosessen på Kleppestø.

